

NAUSTDAL KOMMUNE			
BEREIDNING	PLAN		
ÅRSVEDTAK	12/69	BUDJETT	27
SARSDEH.	02 01 2013	IKKJE O.T.	
HH			
AVIKKODE	K01	OBJEKTIV	

Til verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal Landskapsvernområde

Klage på vedtak som har gitt Instedalen Skianlegg løyve til å køyre opp skiløype til Fosselva

Litt historikk om skiaktiviteten i Nes-Vonamarka:

Vi grunneigararr på Nes har opplevd skiaktiviteten i området tilbake til tidleg på 1950-talet. Då var det mykje folk som gjekk på ski, spesielt på seinvinteren. Dei fleste gjekk då på Vona-Vonastølen-Svartebotnen og fjella der omkring.

På 1980-talet etablerte Naustdal Røde Kors seg i området med vakthytte ved Vonavatnet. Det var då i mange år ei ukristisk køyring med snøscooterspor over alt, og desse vart sjølvsgatt nytta av skigåarar. Vi grunneigarar er ikkje kjend med at det vart organisert oppkøyrde løyper med sporleggar.


På 1990 talet gav vi grunneigarar på Nes grunn til opparbeiding av ein vinterparkeringsplass i Nesmarka. I ettertid har det vore oppkøyrd løype til Vonavatnet, og ein del løyper på Vonavatnet. Vi som bur her på Nes ser likevel at aktiviteten har gått tilbake dei siste 15-20 åra trass i oppkøyrde løyper og god parkering.

Då må ein spørre; kvifor? Kan det være at alpint-anlegga på vassenden og Blomlia og det flotte skianlegget på Langeland alle i kort avstand frå Naustdal har fasilitetar som dreg til seg ungdom og barnefamiljar? Vi trur mykje av orsaka ligg der.

Vi ser det slik at det ikkje er behov for meir løypekøyring i Nes-Vonamarka. Det er unødig og nyttelaus køyring.

Dersom vedtaket om løypekøyring til Fosseleva vert ståande kjem vi som grunneigarar på Nes til å krevje å få nytte snøscooter til tilsyn og transport av nødvendig utstyr til stølshusa våre ein gong pr veke i same tidsrom som søknaden frå Instedalen Skianlegg.

Med venleg helsing grunneigarane på Nes


Marius Ness


Olav R. Fimland

Nes 27/12. 2012